

Velkomen til den nye nettsida vår! Prøv oss i 1 måned for 49 kroner.

annonse

Avdempa i Vangskyrkja

Vossa Jazz sin tradisjonelle søndagskonsert i Vangskyrkja var også i år ein nedtona og avdempa oase for trøytte festivalløver.

09.04.2017 kl 20:22 (Oppdatert
26.04.2017 kl 13:16)



Rolf Tepstad
Tlf: 404 1 9 954

Med vår eiga Benedicte Maurseth på hardingfele og Jasser Haj Youssef på viola d'amore fekk publikum fem kvarter med mollstemd, melankolsk, men trolsk vakker musikk for slitne øyregangar. Her var det berre å lukka auga og flyta inn i ei verd av mjølk og honning. Stundom spela Maurseth og Youssef saman, men for det meste fylte dei kyrkjerommet kvar for seg. Utgangspunktet var henta frå norske folketonar, der Maurseth si hardingfele var hovudinstrumentet, men der ho også steig inn i rolla som kvedar. Frå Youssef og hans viola d'amore, også den utstyrt med eit knippe trolske understrengjer, var menyen meir i retning tradisjonell barokkmusikk.

– Youssef spelar mest improvisasjonar, kunne Maurseth fortelja. For oss som hørde på, let resultatet uansett både ferdig spikra og dyktig knadd.

Vangskyrkja var fullsett, slik at også galleriet måtte takast i bruk for at heile det entusiastiske publikummet skulle få plass. Og då det heile var over, takka dei for



SAMPEL: Jasser Haj Youssef og Benedicte Maurseth spela i hovudsak kvar for seg, men møttest også i ei rekkje fellesnummer undervegs i konserten. (Foto: Vidar Herre)

annonse

konserteropplevinga med ståande applaus!

Klikk for å se kommentarer (0)

HAR DU FÅTT MED DEG DESSE?



Paraglider styrta på
taket av Voss
kulturhus



Mann (38) alvorleg
skadd etter
fallskjermulukke på
Bømoen




Tok sterk siger i
eliteturnering



Politiet skal
patruljera på
Mosjonsgutane og
Nr1 Fitness



Halva røve lokst
utøve



No vert det
strengare med
vasskuterkøyring i
Vaksdal

Hordaland

TIPS OSS!

Vakttelefon 474 71 883

Konst. redaktør:
Geir Geitle

Opningstider:
Sentralbord mån-fre 08:30-16:00
Tlf: 56 53 03 00
Mi side | Kundesenter

Besøksadresse: Fakturaadresse:
Evangervegen 32 Postboks 38
Voss 5701 Voss

Kontakt oss:
Kundesenteret
Redaksjonen